

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 25. oktober 2011, kl 18.30 – 20.00.

Til stades: Dan Danielsen, Hallvard Hoås Samland, Gerd Ingeborg Haugen, Einar Ystevik, Tone Belsnes, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Varmepumpe i barnehagen.

Sigmund Eiken, som har vaktmeisteransvaret for skulen, var invitert til møtet for å orientera om oppgraderinga som no er utført på varme- og ventilasjonsanlegget. Det er montert inn fleire motordrivne spjeld i kanalsystemet slik at anlegget no er meir fleksibelt og kan styrast inn mot dei områda i bygningen som har mest aktivitet og behovet for frisk luft er størst. Dette har betra tilhøvet i barnehagen vesentleg, med betre luftutskifting og ein høgare temperatur på lufta inn frå ventilasjonsanlegget. I tillegg til varmluft via ventilasjonsanlegget er barnehagen utstyrt med termostatstyrte kablar i golvet for oppvarming til rett trivselstemperatur.

Vedtak: Med bakgrunn i dei tiltak som no er gjennomført på varme- og ventilasjonsanlegget vil styret ikkje montere varmpumpe no, men vurdere situasjonen og behovet på nytt neste haust, når ein har fått erfaring med anlegget etter oppgraderinga gjennom ein heil sesong drift. Midlane, kr 20.000, som var tiltenkt til montering av varmpumpe skal stå urørt fram til desse vurderingane er gjort.

Sak 2, Krav til utlysing av styrarstilling i barnehagen.

I samband med dispensasjonssøknad til Jondal kommune for tilsetjing av ny styrar i barnehagen mottok Herand Bygdelag klage frå kommunen på at utlysinga ikkje var tilstrekkeleg offentleggjort. Kommunen sette krav om at stillinga skulle lysast ut på nytt i ei riksdekkande avis før søknaden om dispensasjon vart handsama.

Stillinga har no vore utlyst i Bergens Tidende utan at det har kome kvalifiserte søkjarar.

Vedtak: Styreleiar sender tilsvaret til Jondal kommune med orientering om resultatet av utlysinga og oppmoding om handsaming av dispensasjonssøknaden.

Sak 3, Tilsyn i barnehagen.

Tilsyn i barnehagen 16.11.2011.

Vedtak: Barnehagestyrar og leiar i bygdelaget førebur tilsynet og oversender etterspurt dokumentasjon til Odda kommune (tilsynsmynde).

Dan og Ole utarbeidar organisasjonskart i samsvar med vedtektene for barnehagen og overleverer desse til styrar før tilsynet.

Sak 4, Eventuelt.

- a) Einar Ystevik tok opp kva tiltak for utbetring av avvik som er utført i samband med tilsynet på det elektriske anlegget på skulen i 2010. Er alle avvik utbetra?

Vedtak: Dan og Ole undersøker og legg fram status i neste styremøte.

- b) Arbeidstreningsavtale i barnehagen.

Vedtak: Styret ber styrar og styreleiar å avslutte arbeidstreningsavtalen med Herand barnehagen ved utgangen av avtaleperioden og ikkje inngå ny avtale.